

Innspel til høringsnotat "Forslag til ny ordning for stønad til briller til barn".

Vi er veldig positive til ny ordning som no gjev alle barnefamiljar støtte til dekning av kostnader ved kjøp av briller til barn. Briller er kostbart og spesielt kostbart for barn med høg brillestyrke eller barn som har behov for progressive briller (av ulike årsaker; skjegling, akkomodasjonsproblemer m.m). Fleire barn treng briller no enn før, blant anna pga nærsyntheit, fokuseringsproblemer ved økt skjermbruk, betre rutiner mtp undersøkelse av barn.

Vi har nokre innspel til høringsnotatet:

- Støtte per år:
 - Barn er ulike. Barn i barnehagealder vil ha større slitasje på brillene enn eldre barn. Dei yngste barna har ofte store endringar i styrken på kort tid og må bytte glas oftare, så ofte som 3-4 gongar i året. Ein må ofte begynne med eit tilvenningsglas før dei kan få den styrken dei treng som igjen gjev hyppige byter i starten. Små barn veks raskt, og ofte blir innfatninga for lita innan eit år. Barn med funksjonshemming har også større slitasje på brillene enn andre barn og det gjeld utover barnehagealder. Barn med høge styrker bør få refusjon til reservebriller da det kan ta opptil 2 veker å få nye briller. I tillegg vil nærsynte barn ha behov for å endre brillestyrke oftare enn ein gong i året. **Løysing: optikar kan søke om støtte til meir enn eit brillepar i året, dersom det er behov for dette pga slitasje, størrelse eller endring i brillestyrke.**
- Digital forvaltning:
 - Det bør vere enkelt å søke om støtte. Helst bør skjema sendast inn digitalt. Det må også presiserast kven som skal søke (optikar, augelege eller føresette). Skal utbetaling skje på same måte som ordninga for behandling for amblyopi? Denne ordninga er meir tidkrevjande for alle partar. Optikar/augelege brukar vesentleg lenger tid å fylla ut dette skjemaet enn førre ordning. Foreldre blir forvirra, og vi brukar mykje tid til å forklare korleis dei skal sende inn søknaden. Dette er tid som vi ikkje alltid har til rådighet, og medfører stort meirarbeid. Slik ordninga er i dag, kan føresette søke om refusjon og få pengane på konto, utan å kjøpe brillene/eller hente bestilte briller. Vi meiner difor at det er mest hensiktsmessig om refusjon går igjennom optikarbutikk, slik som den førre ordninga. Vi ser at ikkje alle føresette har moglegheit å leggje ut for heile beløpet brilla kostar. **Løysing: Optikarbutikk søker om refusjon, føresette betalar eigenandel og optikarbutikk fakturerer NAV som tidlegare.**
- Kva som ikkje blir dekt:
 - Det står at reperasjonar, kontaktlinser, progressive glas eller reine lesebriller, ikkje blir dekket. Barn med skjegling har oftare behov for bifokale/progressive briller for å få betre kontroll på skjeglinga ved nærarbeid. Dette er avgjerande mtp skulearbeid/lekser/skjerm. Prisme i brillene er også ei behandling som er nødvendig for denne gruppa, samt andre samsynsproblem. Det er fleire barn som også har behov for progressive glas pga akkomodasjonsproblemer (fokuseringsproblem). Dette vil føre til uklart syn på nært og dermed vere uheldig mtp lesing/skulearbeid. : Vi ser mange barn som slit med skulearbeid, hovudverk, fokuseringsproblematikk. Her kan ei lesebrille med svak styrke vere ei avgjerande hjelp. Forsking viser at lave plusstyrkar kan ha stor innverknad på leseprestasjon. Å utelukka lesebriller heilt frå refusjonsordninga er uheldig. **Løysing: Progressive glas/lesebriller må vere med i ordninga, men bør sjølvstøtt grunngjevast av optikar/augelege.**

- Kontaktlinser bør også vere med i den nye ordninga. Behovet må grunnleggjast frå optikar/augelege. I dei tilfella kor barnet oppnår betre syn med kontaktlinser, bør dei få dekkja dette. Dette vil gjelde ved anisometri, nystagmus og høg refraksjon m.m. I tillegg er myopikontroll også viktig mtp kontaktlinser (eigne kontaktlinser som behandling for å bremse nærsyntheit). **Løysing: Optikar/augelege kan søke om støtte til kontaktlinser dersom visus (synstyrke) er betre med kontaktlinser.**
- Satsstruktur:
 - Det kjem ikkje fram av høyringsnotatet kva summar som er lagt til grunn for utrekning av framlagt sats. Dette bør dokumenterast. Det står at satsane skal vere ein stønad på om lag 75% av kostnadane. Satsane i høyringsnotatet er etter vår meining for lave. Det er viktig at barn har glas som er tilpassa styrken (mtp tjukkeleik på glas, samt synskvalitet). Ein bør derfor ta høgde for at overflatebehandling (rimelegaste hensiktsmessige løysing), samt moglegheita for å få glasa tynnare ved høgare brillestyrke. Dei lave summene i høyringsnotatet vil kanskje billegkjedar kunne tilby, men ikkje alle stadar i Noreg har billegkjedar og ein må då reise langt for å kjøpe og reparere brillene. Ikkje alle glas og innfatningar er av like god kvalitet, og må bytast oftare. Ein har sett at fleire har valt glas utan antirefleksbehandling. Med antirefleks får ein betre lystransmisjon, optisk kvalitet og mindre sjenerande refleks i glasa. Jo høgare brillestyrken er, jo viktigare er dette. **Løysing: Bør hente inn meir prisar frå fleire kjedar, dokumentere dei ulike satsane og heve satsen.**

Innsendt av Ellen Hilde Hauge (optikar ved Nordfjord Augelegesenter), Elin Louise Thune-Myklebust (optikar augeavdeling Helse Førde) og Sissel Gjervik (optikar augeavdeling Helse Førde)